



## Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Anne Kristin Eitungjerde  
Telefon: 57643172  
E-post: fmsfaka@fylkesmannen.no

Vår dato  
27.05.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/844- 326.0  
Dykkar referanse

Justis- og beredskapsdepartementet

### Høyringsfråsegn til evalueringsrapport om offentleglova

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner evalueringa gir eit bilete som vi kan kjenne oss igjen i ut frå vår praktisering av lova. Vi har nokre merknader og utfyllande kommentarar, særleg knytt til praktisk bruk av lova i kommunane våre.

Dei fleste kommunane i Noreg er små kommunar, med tilhøyrande små og sårbare kompetansemiljø. Juridisk kompetanse er gjennomgåande noko svak eller manglande. Dette gir i seg sjølv risiko for manglande kunnskap om offentleglova, og manglar i bruken. Etter vår erfaring er det også ein stor risiko for feil bruk av lova som følgje av manglar i mottaksrutinar/dokumenthandteringa i kommunane. Det gjeld mellom anna manglande journalføring, spesielt av epostar og annan elektronisk kommunikasjon.

Vår tilråding er difor å utforme lova, inkludert sakshandsamingsreglane, så enkelt og brukarvennleg som mogleg. I dag gjer omfanget av skjønsmessige unntaksreglar lova relativt vanskeleg å bruke.

Vi vil spesielt streke under to problemstillingar i offentleglova som vi vurderer det er behov for å sjå nærare på: 1) Behov for tydeleggjering av sjikaneregelen og 2) Klargjering og justering av omgrepet «... dersom samanstillinga kan gjerast med enkle framgangsmåtar» i § 9.

#### Behov for sjikaneregel

I høyringsnotatet 04.09.2007 frå lovavdelinga i Justisdepartementet for forskrifta til offentleglova er dette lagt til grunn:

*«Det kan tenkjast situasjonar der same person ber om papirkopi av alle dokument i ei rekke saker, slik at det samla talet på ark blir svært stort utan at det går over hundre i kvar sak. Det er etter departementet sitt syn ein kostnad ved offentlegprinsippet må bere. I nokre få tilfelle vil slike krav bli framsette berre for å sjikanere organet. Departementet finn ikkje grunn til å gi reglar for slike tilfelle, men går ut frå at alminnelege rettsprinsipp tilseier at innsyn vil kunne nektast i tilfelle der det er klart grunnlag for å tru at innsynskravet er framsett for å sjikanere organet.»*

Vi forstår at både Sivilombodsmannen og Justis- og beredskapsdepartementet frå tid til annan har uttrykt seg i same retning, og vi legg til grunn at det finst ein ulovfesta sjikaneregel. Det er likevel, slik vi forstår, ingen som veit innslagspunktet og vilkåra for når regelen gjeld.

Vi har observert behov for ei klargjering av sjikaneregelen i vår behandling av klagesaker. Einskildpersonar er i stand til å sette større delar av ein kommuneadministrasjon ut av spel gjennom å fremje omfattande, gjentakande og kompliserte krav – gjerne retta mot einskildtilsette eller

enkeltdelar av ein organisasjon. I nokre sjeldne tilfelle er det nokså opplagt at det blir fremja krav der intensjonen er å ramme einskildtilsette i forvaltninga på ein utilbørleg måte, med preg av hemn og forfølgning.

Forvaltningsorgana vil i desse tilfella kunne stå i ein klassisk lojalitetskonflikt der dei må velje mellom å følgje offentleglova eller å ta i vare einskildtilsette sitt behov for vern.

Vi også nemne at vi generelt ser eit behov for betre regulering av masseinnsynskrav, det vil seie mange innsynskrav på kort tid til same organ, og/eller same omfattande krav til mange ulike instansar. Her vil det også kunne vere behov for ei avgrensing mot tilfelle av sjikane.

Ut frå dette ser vi behov for ei uttrykksleg lovfesting av ein sjikaneregel, der det, sjølvsagt på strenge vilkår, vert gjeve ein klar heimel for å avslå sjikanerande innsynskrav.

#### Enkle framgangsmåter for samanstilling av elektronisk lagra opplysningar

Lova gir rett til samanstilling av elektroniske opplysningar, t.d. i økonomiske bilag, dersom framgangsmåten er enkel.

Kva som er ein enkel framgangsmåte er eit skjønsmessig omgrep som bør presiserast nærare, spesielt sett ut frå den teknologiske utviklinga og kva som er mogleg å sette saman av opplysningar. Vi må også leggje til at vi som klageinstans finn det stundom krevjande å ta stilling til kva som er ein enkel framgangsmåte, når vi ikkje sjølve brukar eller har tilgang til det elektroniske systemet. I praksis er vi nøydde til å byggje på dei opplysningane vi får frå organet som har gjort vedtak.

Vårt inntrykk er i tillegg at dagens grense for kva du kan krevje av samanstillingar ligg sers lågt. Fleire organ strekkjer seg i praksis lengre enn det vi oppfattar lova set som krav. Ut frå intensjonen med lova kan det difor vere grunn til å vurdere om retten til å få utarbeidd samanstilling av opplysningar bør gå noko lengre enn han gjer i dag.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
ass. fylkesmann

Anne Kristin Eitungjerde  
juridisk sjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*